



Kjøleskapet som brant utanfor skulen i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Kvifor prioriterar ikkje lensmannen å etterforska ”nesten-brannen” i Uskedalen oppvekstsenter for nokre veker sidan, spør ein uskedeling.

Han meiner at skulen og barnehagen kunne ha brunne ned hvis ikkje ein vaken ungdom hadde fått sløkt brannen i kjøleskåpet og er av den meining at ei sak som denne burde hatt høgste prioritet slik at dei ansvarlege kan få straffa si.

Fungerande lensmann Sigurd Børve svarar: - Utifrå dei begrensa ressursar vi sit med om dagen har vi til no ikkje hatt kapasitet til å etterforska denne saka. Diverre er kvardagen vår slik at vi må prioritera strengt mellom arbeidsoppgåvene og det har vore viktigare saker å ta fatt på i det siste.

- Og når vil kontoret ta seg av brann-saka?

- Eg kan ikkje her og no komma med nokon dato, men eg innrømmar jo at det ikkje er nokon fordel at saka blir eldre før vi kan ta fatt på ho, seier Børve.

Av Ola Matti Mathisen